

<b>tal</b>	<b>Søkjer</b>	<b>Kommune</b>	<b>Friluftsområde</b>
1	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Siggjo p-plass
2	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Siggjo tursti
3	Samnanger kommune	Samnanger	Bjørkheim badevik

<b>Skildring av området</b>	<b>Totale utgifter</b>	<b>Omsøkt</b>	<b>Tilråding</b>
Siggjo er det høyaste fjellet i Bømlo kommune. Frå toppen (474 moh.) har ein utsikt over store delar av Sunnhordland, Bømlos mange øyer, holmer og skjær og langt ut i havet der vest. Turmålet tiltrekker seg både lokale og regionale turgåurar. På fine utfartsdagar kan det vere fleire hundre turgåerar som tar turen frå p-plassen ved FV 542 til toppen. På utfartsdagar er dagens p-arealet sprengt og hundrevis av bilar står langs fylkesvegen. Dette skapar farlege og uholdbare situasjonar. No kan antallet p-plassar aukas <del>betraktales</del>	840 000	840 000	840 000
Trafikken til toppen av fjellet Siggjo som turmål er no så stor at det er blitt veldig stor slitasje på stier, bruer og trapper. Det må ein betydeleg oppgradering til for å møte dagens og morgendagens behov for trygg og god oppleving.	162 000	162 000	162 000
Tiltalande badestrand i sentrumsområde med naturleg badevik, svaberg og uberørt strandsone. Lett tilgjengeleg for bebuarar i nærområdet og delvis tilrettelagt for bebuarar i bukollektiv for rørslehemma. Naturleg handle stopp og rekreasjonsstad for gjennomreisande og hyttefolk på Kvamskogen	0	0	Vederlagsfri omgjering

## Grunnjeving

Fjellet Siggjo er eit ynda regionalt turmål med merka sti- og løypenett som er mykje nytta heile året. Dette gjer at kapasiteten på parkeringsplassane er sprengt på fine dagar, og dette går ut over tryggleiken langs riksveg 53. For å oppretthalde dette området som eit godt turmål er utviding av parkeringsplassen avgjerande. Bømlo kommune har ikkje starta arbeidet med kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområder. Status for sikringsprosessen er at Friluftsrådet Vest har signert minneleg avtale med grunneigar om statleg erverv inntil 100%.

Fjellet Siggjo er eit ynda regionalt turmål med merka sti- og løypenett som vart mykje nytta heile året. Dette gjer at slitasjen på stinettet er stort og behov for informasjonstavle samt anna tilretteleggingstiltak må prioriterast før slitasjen gjer at område mistar sine kvalitetar og naturen blir irreversibelt skada.

Område med lett adkomst som ligg sentrumsnært. Området er attraktivt og bør verte meir tilrettelagt med universell utforming. Det er planer om baderampe og universell sti heilt ned i stranda. Badevika har solnedgang og er svært attraktiv som tur og rekreasjonsområde. Ved å auka tilkomst og gjere området bruksvennleg for personar med nedsatt funksjonsemne aukar verdien av området. Samnanger er i gong med kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområder, men ikkje ferdig. Sikring gjennomførast ved minneleg avtale, og status er at kommunen [eia området no](#)